

# Undervising i musikk og kunst og handverk i koronatida: Ei undersøking blant studentar og tilsette på to høgskular

Av Karen Brønne (Høgskulen i Volda), Kjetil Sømoe (Høgskulen på Vestlandet), Stein Helge Solstad (Høgskulen i Volda) og Åsmund Espeland (Høgskulen på Vestlandet)



© Karen Brønne, Kjetil Sømoe, Stein Helge Solstad og Åsmund Espeland

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett  
Institutt for kunstfag

Høgskulen på Vestlandet  
2022

HVL-notat frå Høgskulen på Vestlandet nr. 1-2022

**ISSN** 2703-710X

**ISBN** 978-82-93677-76-5



Utgjeingar i serien vert publiserte under Creative Commons 4.0. og kan fritt distribuerast, remixast osv. så sant opphavspersonane vert krediterte etter opphavsrettslege reglar.  
<https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/>

## Samandrag

Dette notatet byggjer på ei undersøking som vart gjennomført på to høgskular våren 2020 etter at Noreg stengde ned på grunn av koronasituasjonen.

Undervisning og eksamen vart i denne perioden flytta frå campus og over i digitale arenaer som til dømes Zoom. Den heildigitale undervisnings- og læringssituasjonen som brått oppstod gav unike rammer for empiriinnsamling i fag som til vanleg har fysiske artefakter og kroppsleg nærvær som føresetnad for kunnskapsproduksjon.

I samband med undersøkinga er det gjennomført fokusgruppeintervju av studentar, tilsette og sensorar. Undersøkinga har hatt som mål å finne ut korleis desse personane opplevde omlegginga frå campus- til nettbaserte opplegg på utdanningsinstitusjonane. Funna er delt inn i kategoriane undervisning, eksamen, organisering og fysiske rammer, og sosiale og emosjonelle forhold.

Undersøkinga viser at mangelen på tilgang til eit fagleg fellesskap samt utstyr og rom var ei utfordring både i musikk og kunst og handverk. Samhandling via Zoom fekk eit formelt og distansert preg, og i musikkfaget var det frustrasjon knytt til digitaltekniske utfordringar med lyd og bilete i samspelsituasjonar og anna praktisk undervisning.

Informantar frå begge faga opplevde at produktorienteringa i faga auka, sidan utprøvningsfasen og den spontane tilbakemeldinga frå lærarar og studentar fall bort.

Eit stort fleirtal av studentane opplevde at dei i periodar i pandemien har følt seg aleine og isolert og har sakna å få impulsar frå andre. Ein medverkande årsak som blir trekt fram blant studentar og tilsette er mangelen på faglege og sosiale arenaer som ein til vanleg får i ein studiekvardag der fysisk undervisning er normalen.

EMNEORD: korona, undersøking, kunst og handverk, musikk, undervisning, eksamen.

## Forord

Våren 2020 stengde Norge all fysisk undervisning for studentar og fagtilsette i Universitets- og høgskulesektoren på grunn av koronapandemien. For utøvande fag og ferdigheitsfag vart omlegginga særleg stor då nedstenginga førte til tap av verkstadfasilitetar, øvingsrom og laboratorium. Situasjonen er utgangspunktet for dette notatet som fagtilsette i kunst og handverk og musikk ved to høgskular har gjennomført.

Studien tek for seg korleis omlegginga frå campusbasert til digital undervisning og eksamen vart oppfatta av studentar, fagtilsette og sensorar og kva utfordringar og moglegheiter som ligg i ei slik omlegging. Ved å nytte fokusgruppeintervju har me fått innblikk i kva erfaringar informantar frå desse gruppene sit att med etter å ha studert og undervist i emne som både har ei campusbasert og nettbasert arbeidsform i same semester. Gjennom undersøkinga har me opparbeidd oss nyttig kunnskap i det vidare arbeidet med å fornye og bevare utviklinga av faga.

Karen Brønne, Kjetil Sømoe, Stein Helge Solstad og Åsmund Espeland

# Innhald

Samandrag .....	3
Forord .....	4
Innhald.....	5
1. Innleiing .....	7
2. Metode.....	8
3. Digitale undervisings- og eksamensformer i musikk.....	10
3.1. Undervising .....	10
3.1.1 Musikalsk og verbal samhandling .....	10
3.1.2 Bruk av videoopptak som læringsressurs .....	12
3.1.3 Andre refleksjonar om digital undervising i musikk .....	12
3.2. Eksamen.....	14
3.2.1 Førebuing til eksamen .....	14
3.2.2 Konsekvensar for gjennomføring av eksamen .....	15
3.2.3 Refleksjonar om vurderingsarbeid i samband med digital eksamen....	16
3.3 Organisering og fysiske rammer.....	17
3.3.1 Refleksjonar rundt endra fysiske rammer .....	17
3.3.2 Tidsbruk knytt til undervising og eksamen .....	18
3.4 Sosiale og emosjonelle forhold .....	19
3.4.1 Motivasjon .....	20
3.4.2 Sjølvstende og ansvar.....	21
4. Digitale undervisings- og eksamensformer i kunst og handverk.....	23
4.1 Undervising .....	23
4.1.1 Å møte ein ny og uventa undervisningssituasjon med og utan fagleg grunnlag .....	24
4.2 Organisering og fysiske rammer.....	27

4.2.1 Heimesituasjon får følger for organisering, tidsbruk og studentmedverknad .....	27
4.2.2 Digital kommunikasjon mellom involverte – formelt preg og avgrensa informasjon .....	28
4.3 Eksamen.....	30
4.3.1 Heildigital eksamen og endra vilkår omkring vurderingssituasjonen .	30
4.4 Sosiale og emosjonelle forhold .....	32
4.4.1 Sosial støtte og motivasjon.....	32
4.4.2 Tap av sosial, uformell møteplass.....	32
5. Avsluttande kommentarar.....	34
5.1 Undervising – innhald og organisering .....	34
5.1.1 Avgrensa tilgang til fysisk utstyr .....	34
5.1.2 Digitaltekniske forhold .....	35
5.1.3 Nye arbeidsmåtar.....	35
5.1.4 Rettleiingssituasjonen .....	36
5.2 Eksamen .....	36
5.2.1 Vise i sann tid versus video/ digital presentasjon.....	37
5.2.2 Fråvær av praksisfellesskap .....	37
5.2.3 Endra karakterskala .....	37
5.3 Sosiale og emosjonelle forhold .....	38
5.3.1 Terskel for å ta kontakt.....	38
5.3.2 Fysisk undervising og øvingsarenaer som sosiale møtestader.....	39
Litteratur.....	40

# 1. Innleiing

Fagmiljøa i musikk og kunst og handverk ved to lærarutdanningar i Norge valde våren 2020 å hente empiri frå den spesielle undervisnings- og eksamenssituasjonen som oppstod etter at studentar, fagtilsette og sensorar erfarte fire månader med stengd campus på grunn av koronapandemien. Gjennom seks fokusgruppeintervju ynskjer undersøkinga å sette søkelys på korleis involverte studentar, sensorar og lærarar erfarte omlegging frå campus-til nettbasert undervising og eksamen under pandemien våren 2020.

Etter nedstenginga vart undervising endra frå fysiske samlingar, med felles samvær tre-fire timar om dagen, om lag fire dagar i veka, til ulike nettbaserte løysingar. Møtetid saman vart redusert, medan studentane arbeidde meir sjølvstendig med praktiske og teoretiske oppgåver og pensumlitteratur. Asynkrone nettleksjonar vart publiserte på læringsplattforma Canvas, og inneheldt instruksjonsfilmar, lydklipp, artiklar og fagstoff, førelesingsopptak, praktiske og teoretiske oppgåver, og diskusjonsinnlegg. Strøyming av undervising i synkron tid, med diskusjonar og spørsmål, studentseminar samt rettleiing, skjedde ved hjelp av Zoom, GoogleMeet eller Teams. Utanom nettleksjonar skjedde undervisinga til fastsette tider, og innhaldet var planlagt på førehand. Nokre klasser laga felles sider på Facebook for å kunne stille spørsmål, og delte bilete og filmsnuttar av arbeid undervegs. Masterstudiet arbeidde med digital utstilling på eigen nettstad samt ein tverrfagleg performance på Zoom. Studentane hadde ulike heimesituasjonar, både sosialt og når det gjeld rom og utstyr. Nokre av studentane reiste heim til foreldra, nokre budde vi kollektiv på studiestaden og nokre var åleine.

## 2. Metode

Datagrunnlaget for denne rapporten er fokusgruppeintervju med fagtilsette og studentar ved to høgskular i Norge som har studietilbod innan skulefaga musikk og kunst og handverk. I dette notatet søker vi svar på følgande problemstilling:

*Korleis erfarer involverte studentar, sensorar og lærarar omlegging frå campus- til nettbasert undervising og eksamen under pandemien våren 2020?*

Teksten byggjer på fire fokusgruppeintervju med studentar og to fokusgruppeintervju med fagtilsette. Samla er 42 personar involverte som informantar i ulike kategoriar, og deltakarane er knytte til årsstudium, bachelorstudium og ei masterstudieutdanning i musikk/ kunst og handverk. Prosjektet er meldt inn, og godkjent frå NSD (Norsk senter for forskningsdata). Data er anonymisert og lagra i forhold til gjeldande personvernregelverk.

Intervjua er semi-strukturerte med spørsmål innan desse temakategoriane:

- Undervising
- Eksamen
- Organisering og fysiske rammer
- Sosiale og emosjonelle forhold.

Studentar og fagtilsette ved dei to institusjonane vart inviterte som deltakarar til intervjua og informantane er valde fordi dei har erfaring med heildigital undervising i praktiske fag innan universitet- og høgskulesektor i Norge. Invitasjon med informasjonsskriv til studentgruppene og dei fagtilsette vart sendt ut på førehand. Teksten orienterte blant anna om opptaksfunksjon i Zoom, og om å bruke “tommel opp” for å stadfeste det andre sa. Gruppestorleik på 6-10 personar på Zoom gav intervjuaren styring med situasjonen (Tjora, 2021), og gjorde det mogleg for alle å svare.

Analysen er gjort etter inspirasjon frå analysemetoden meiningsfortetting (Kvale & Brinkmann, 2015) der tilnærminga er deskriptiv. Me svarar på problemstillinga gjennom å framstille innhaldet i intervjua tett på slik



informantane skildrar egne erfaringar, utan å søke etter underliggande meining i det som er sagt. Analysen kjem til gjennom to fasar: Gjennomlesing og kodearbeid (NVivo vart nytta til koding), og frå kodar til meiningsfortetting. I kodefasen blir mønster og strukturar i empirien med å utvikle temakategoriar i kodekart. I siste fase blir meiningseiningar til ved å identifisere samanhengar, kontrastar og gjentakning i kodekartet. Meiningseiningane gir struktur og innhald til empiriframstillinga i notatet.

Fokusgruppeintervju er valt som metode fordi dette gjorde det mogleg å stille spørsmål til fleire deltakarar samstundes, og at informantane slik kunne utvikle svar i ein felles dialog. I tillegg til at ein slik samtale kan ha eit kumulativt potensial, var intensjonen at eit kjent fellesskap kunne vere med å skape ei trygg ramme, særleg for studentane (Tjora, 2021). Dei møtte medstudentar i intervjuet, og det vart mogleg å dele ansvaret i situasjonen. Under nedstenginga uttrykte studentar at dei saknar felles møtepunkt. Intervjua var også tenkt som eit positivt bidrag der ein kunne få høve til bearbeiding og etter-refleksjon internt i gruppa. Fokusgruppeintervju med dei fagtilsette vart valt av tilsvarande grunn - at ein fellessamtale kan gje rike svar då informantane får impulsar og idear frå kvarandre (Tjora, 2021).

Eit fokusgruppeintervju kan samstundes ha utfordrande strukturar ved at dei som har sterke sosiale posisjonar i gruppa svarar lett, og gir mindre plass til beskjedne eller passive deltakarar. Intervjuaren stilte difor nokre gongar direkte spørsmål til enkeltpersonar for å aktivisere fleire.

## **3. Digitale undervisnings- og eksamensformer i musikk**

### **3.1. Undervisning**

Som eit resultat av koronasituasjonen måtte all musikkundervisning flyttast frå campus til nettbaserte plattformer våren 2020. Mykje av den praktiske undervisninga, som til dømes samspel var då allereie ferdig, men det vart framleis undervist i fag som hovudinstrument og bacheloroppgåve. Ved ein av institusjonane gjennomførte ein eit formidlingsprosjekt med ei musikk-klasse via nettet. Dette prosjektet skulle opprinneleg vore gjennomført som eit samspelopplegg på campus.

Den digitale undervisninga vart hovudsakleg gjennomført i Zoom. I intervjumaterialet snakkar informantane også om bruk av andre digitale verktøy og kanalar som til dømes Sibelius, Garage band, Dropbox og Google Drive. I skildringa av undervisning er hovudfokus på praktiske musikkdisiplinar, men informantane reflekterer også over undervisning og rettleiing knytt til bacheloroppgåva og andre musikkfag.

#### **3.1.1 Musikalsk og verbal samhandling**

Fleire av informantane trekk fram problemstillingar knytt til musikalsk og verbal samhandling, med spesiell fokus på lyd og bilete som ei av hovudutfordringane ved digital undervisning i Zoom. Ei utfordring som vart trekt fram av fleire lærarar er lydforseinkinga som gjer det vanskeleg å spele saman over nettet. Ein av lærarane seier det slik:

Enn om me er i 2020, det å musisere i lag – der er det ei utfordring. Eg hadde veldig mange gonger lyst til å telle opp. Studenten skulle begynne å spele...det går jo ikkje, for då er han alltid bakpå. Eg måtte alltid passe på at han skrudde på sin metronom når han skulle demonstrere noko. Eg hadde lyst til å spele når eg hørde hans metronom, men det går ikkje på grunn av den forseinkinga.

To lærarar peikar på at ein i Zoom må arbeide med tilbakemeldingar på ein annan måte enn ved fysisk undervisning. I sistnemnde tilfelle kan ein spontant kome med verbale og musikalske innspel undervegs i studenten si framføring,

men i Zoom vil dette ikkje fungere på grunn av at lyden vart broten. Lærarane nemner dette som eit sagn ved digital undervising. Dei har lagt om undervisinga slik at dei opererer med klare spele- og snakkesekvensar i staden for å blande desse to uttrykka.

Ein av lærarane opplevde utfordringar med lyd og forseinking i samband med ein konsert i Zoom. Lyden vart dårlegare og forseinking gjorde sitt til at samspel vart vanskeleg. Ein fekk ikkje til å spele i lag samstundes.

Ein av lærarane la mykje energi i å få god lyd kvalitet i undervisinga si gjennom systematisk arbeid med lydkort og mikrofonar. Han opplevde at lyden frå studentane si side var av varierende kvalitet.

Ved den eine institusjonen gjennomførte studentane eit formidlingsprosjekt der dei gjorde opptak av lydfiler som læraren fekk tilsendt og sette saman til ferdige låtar. Læraren for prosjektet reflekterer over at ein i samband med dette arbeidet vart nøydd til å fire på krava til lyd kvalitet, men at dette ikkje kom i konflikt med intensjonen i prosjektet.

Dei som syng og spelar inn arbeider på forskjellige mobilar og ulike opptakarar. Du vil få forskjellig lyd, du vil få mykje bakgrunnsstøy, men plate kvalitet var vel aldri målet. Det var eller å få til noko dei kan høyre på og ikkje bli flau av.

Ifølge tre lærarar var det eit problem ved bruk av Zoom i samband med instrumentalundervising. Studentane fekk ikkje tilfredsstillande visuell oversikt over situasjonen og kunne ikkje sjå kva fingersetting læraren nytta. To av lærarane prøvde å løyse problemet ved å bruke fleire kamera. Ein av lærarane seier dette om forsøket:

Eg brukte tokameraproduksjon med varierende hell. Det vart litt utforsking, for eg fekk ikkje gjort dette før på slutten. Då fekk eg filma med eit kamera på den høgre handa og eit på venstre og så delte eg... Det vart litt styr innimellom for eg måtte inn på "share screen". Det er sikkert ein annan måte å gjera det på. Det var eigentleg ganske kjekt. Ein fekk veldig fokus på kvar hand for seg, sjølv om det kanskje gjekk ut over heilskapen.

Studentar og lærarar løfta fram at instrumentalundervising på campus er å føretrekke. Ein student meiner at digital undervising i Zoom har fungert greitt innanfor definerte rammer. Fleire av studentane kommenterer utfordringar

knytt til lyd- og bildekvalitet og samspel ved digital undervisning. To av studentane valte å ikkje nytte seg av tilbod om hovudinstrumentundervisning på nett, medan ein tredje student nemner at ein ved denne type undervisning mistar høve til å jamme saman med instrumentallæraren.

### **3.1.2 Bruk av videoopptak som læringsressurs**

Som følge av omlegginga til digital undervisning har det vorte eit aukande fokus på bruk av videoopptak som asynkron læringsressurs som følge av koronasituasjonen. Ein av lærarane gjer greie for korleis han nyttar video som ressurs i undervisinga og på kva måte materialet vart formidla mellom lærar og student:

No tenkjer eg at studentane skal spele inn video i forkant av timen og eg skal spele inn i etterkant. Alt vart jo sett i samanheng med neste time uansett, så begge spelar jo inn både før og etter. Eg tenkjer at dei skal førebu noko til timen og så kjem eg med, ikkje ein rettelse, men ei vidareføring etter timen. Slik er det ein ball som rullar. Eg brukar Dropbox og Google Drive. Dropbox for fillagring og så deler eg med dei det gjeld.

Fleire studentar er positive til å ta imot ferdig innspelte videoopptak frå lærarane som eit supplement til synkron undervisning, men ein av studentane opplever at det vil vera ubehageleg å sende eigne innspelningar til hovudinstrumentlærar.

Ein av lærarane trekk fram at bruk av video gjer at studentane kan ta opp og fokusere på stoffet fleire gonger og køyre filmene i sakte tempo. Dette vart stadfesta av ein student som ei positiv oppleving:

I eit av emna var det lærerikt å ha Sibeliusinstruksjon på Zoom, av di det vart lagt ut ein del filmar som me kunne sjå om og om igjen.

### **3.1.3 Andre refleksjonar om digital undervisning i musikk**

Som nemnt har fleire av informantane løfta fram ulemper ved digital undervisning knytt til lyd- og bildekvalitet og manglande moglegheiter (høve) for samspel. Ein av lærarane opplevde i tillegg at fråvær i samband med digital pianoundervisning auka mot slutten av semesteret. Studenten koplpar dette opp mot undervisningsformatet. Fleire lærarar nemner utfordringar knytt til at det ved digital undervisning vart vanskelegare å fange opp om studentane forstår og får med seg det som vart formidla.

Trass i desse innvendingane trekk nokre av informantane også fram at digital undervising opnar for moglegheiter som kan få positive utslag. Ein student og ein lærar peikar på at formatet gjer at ein kan gjennomføre undervising sjølv om lærar og elev er på ulike geografiske stader. Ein annan lærar nemner at ein ved å bruke Zoom som undervisingsplattform har høve til å hente inn nasjonale og internasjonale ekspertar frå ulike fagområde utan av dei treng å reise til campus.

Når det gjeld det tidlegare nemnte digitale formidlingsprosjektet mista studentane moglegheita til å møtast fysisk og spele saman, noko som var eit sagn. På ei anna side framhevar læraren at studentane gjennom prosjektet lærte seg grunnleggande ferdigheitar i opptaksteknikk og kunnskap om å sette saman ein lydcollage.

Fleire lærarar reflekterer over at digital undervising kan vere eigna i samband med rettleiing av skriveprosessar og fag som musikkhistorie. Ein av lærarane opplevde at rettleiing via nett kravde ei viss tilvenning, men at det etter kvart ikkje var eit sagn å rettleie ved fysisk oppmøte. Ein annan lærar peikar på at høve til å gjera opptak og å dele skjerm gjer Zoom-rettleiing godt eigna. Dette vert også nemnd av ein tredje lærar, som erfarte at bruk av delt skjerm fungerte godt i samband med bruk av dataprogrammet Sibelius. Utsegner frå to studentar støttar opp under innspela frå lærarane då dei nemner at musikkhistoriefaget er mogleg å digitalisere, sidan dette er eit fag som tradisjonelt sett vert undervist meir monologisk enn andre musikkfag.

Samla sett er tilbakemeldingar frå studentar og lærarar at digital undervising i praktiske musikkfag har avgrensa moglegheiter knytt til kommunikasjon. Lydforseinking, lyd kvalitet og avgrensa bildeutsnitt gjer synkront musikalsk samspel umogleg, og ein må innrette musikalsk og verbal dialog på ein annan måte enn ved fysisk undervising. Samtidig nemner lærarane eksempel på tiltak som eit lite stykke på veg kan bøte på nokre av desse manglane, til dømes gjennom arbeid med lyd og bilete og bruk av video som asynkron læringsressurs.

## 3.2. Eksamen

### 3.2.1 Førebuing til eksamen

Alle emne vart gjort heildigitale i samband med eksamen. Dette vart løyst ved at det som skulle vere ein fysisk konsert vart levert som video. Studentane opplevde at det var nye utfordringar ved videoopptak som dei måtte løysa, mellom anna redigering av videoane. Heilt i starten var det uklart kva som vart forventa av videokvalitet og dette førte til ein del usikkerheit. Når informasjonen om at smarttelefonopptak var godt nok roa fleire av studentane seg ned. Fagansvarlege var veldig klare på at dette ikkje skulle vere ein mediaeksamen, der folk som var flinke til å redigere kunne skaffe seg ein uvanleg høg karakter. Frå lærarane si side var det påpeikt at dette kunne utløyse eit nytt hierarki i ferdigheiter som også påverka det sosiale. Studentar som har tid og resursar til å rigge opp t.d. fleirsportopptak med spennande kameravinklar vil lett få tilgang til fleire medspelarar.

Det var også ein del spørsmål som gjekk på kva som skulle gjerast i forhold til redigering, mellom anna såg ein del studentar for seg profesjonelle “musikkvideoar” med mykje ekstra visuelle referansar. Dette er ikkje så rart med tanke på at musikkvideoar er ein veldig sentral del av desse studentane sine musikkreferansar, ikkje minst innanfor pop/rock segmentet. Frå fagansvarlege vart det understreka at det musikalske er i hovudsetet, som på ein konsert, og at så lenge me ser heile kroppen på videoen og det ikkje er for masse visuell og auditiv støy i bakgrunnen ville me vere fornøgd.

Totalt sett kan de sjå ut til at det har vore utfordringar med opptak, men nyttig på ein teknisk måte, fleire av studentane lærte seg å legge ut klipp på YouTube, og liknande. Dessutan lærte dei å sjå seg sjølv frå eit anna perspektiv: Ein student på institusjon B sa:

Spennande å sjå seg sjølv på video, ein kan oppdage småfeil som ikkje er lett å sjå på annan måte. Ein får eit anna utanforblikk på seg sjølv.

Det vart også påpeikt frå studentane si side at det vart mindre diskusjon enn dersom ein hadde vore i same rom. Fleire av studentane ynskte å endre til dømes

form på melodiane gjennom å teste ut fleire variantar i samspel, dette vart det mindre av. Ein student seier:

Eg hadde egentleg tenkt å endre låtane noko, men dette gjekk ut. Me gjorde det me skulle og så var me ferdig. Eg ville ha fokusert meir på dynamikk og sånn dersom ein skulle spele live.

Kva som var lovleg av fysisk samvær endra seg gjennom perioden fram til eksamen. I byrjinga var nesten ingenting lovleg, etter kvart vart det lovleg å vere ilag under visse høve. Dette gjorde at sjølve eksamensprogrammet også endra seg i tråd med vilkåra for fysisk samvær.

Førebuing i form av eigenøving vart også vanskelegare for fleire ettersom høve til å øve heime på hybel var sterkt avgrensa på grunn av akustiske forhold, og at andre folk budde der. Når studentane etter kvart fekk booka seg lokale å gjere fellesøving i måtte det skje fort ettersom dei hadde avgrensa tid.

### **3.2.2 Konsekvensar for gjennomføring av eksamen**

Sjølve gjennomføringa av den fysiske eksamen endra seg gjennom at masse av arbeidet frå sensor si side vart gjort samstundes med lesing av oppgåve. Fordelen med å sjå ein video var at sensor kunne fokusere på både oppgåve og video samstundes og at ein kunne zoome inn og repetere moment som ein var usikker på, spele i sakte tempo for å fokusere på detaljar m.m. Lyd og biletkvalitet var på det jamne ikkje noko problem for sensor. Det var presisert i instruksane til videoen at studentane måtte vere i fokus under konserten og at det dei spelte/song måtte kunne høyrast skikkeleg.

Frå studentane si side opplevde dei fleste eksamen som mindre truande gjennom at publikum var borte og at sjansen til å redigere produktet heile tida var til stades dersom noko skulle skjære seg. Ein student seier:

Ved konsert hadde eg vore meir opptatt av korleis ein står på scenen og korleis ein ser ut. Det hadde blitt meir fokus på samspel og mindre fokus på formidling visuelt.

Samspelsaspektet er tydelegvis noko som fleire studentar opplever som eit sagn ved gjennomføring av eksamen, dette handlar om å reagere i sann tid på

kvarandre sine innspel musikalsk og oppleve kontakten med publikum. Ein student seier:

Eg syns ein bør ha fysisk konsert, eg mista energien når me ikkje skulle ha fysiske konsert. Eg såg ut av vindaugget når eg gjorde opptak, for kvar andre plasser skulle eg sjå når det ikkje er så mykje som skjer? Eg saknar å sjå folk sitte og høyre på, det gjer energi, at publikum skal få ei oppleving.

Det som er heilt klart ifrå responsen til studentane er at dei ikkje ynskjer å avskaffa den fysiske konserten, det er noko mange har ser fram til. Ein av studentane var veldig klar på at omlegginga til digital eksamen endra heile innstillinga. Studenten hadde gledd seg til å gå inn i ein aktiv periode med fysisk samhandling og hadde utarbeidd klare idear om kva som skulle vere kjernen i konserten. Etter korona fall heile dette puslespelet saman.

Eg syns ikkje de bør avvikle konsertane, fordi når me måtte ha [eksamen]på video var det grunnen til at eg velde berre skriftleg. Eg ikkje ville ha video av di eg opplevde at eg ikkje fekk vist meg på ein god måte, og kva eg kan, og heile opplevinga ville bli litt fjern.

Samstundes er denne studenten i likskap med mange andre positiv til å vidareføre video som konsept, men då gjerne som eit arbeidskrav i eit utøvande fag, eller teknologifag.

Ei veldig god øving å få filme ein konsert og kanskje legge den ut og eventuelt publisere den. (...) Kanskje video kan vere eit arbeidskrav og ikkje noko ein får karakter på i forhold til utøving?

I samband med digital eksamen var det også sett av lengre tid til samtale med studentane der dei fekk høve til å utdjupe val dei har teke i samband med videoen og forholdet til den skriftlege oppgåva. Dei fleste studentane var positive til denne samtalen og ynskjer at den skal vere eit sterkt element også i framtidig gjennomføringar.

### **3.2.3 Refleksjonar om vurderingsarbeid i samband med digital eksamen**

Ettersom eksamen vart lagt om til digitalt format var det også ein diskusjon om ein skulle gjere om karaktersystemet frå graderte karakterar til bestått/ikkje bestått. Dei modellane som vart valde var bestått/ikkje bestått på institusjon A for alle studentar og graderte karakterar (andre og tredje årskull) og bestått/ikkje



bestått (grunnkurs) på institusjon B. Ein av lærarane på den sistnemnde institusjonen seier:

På årskurs har me gått for godkjend/ikkje godkjend med basis i dei argumenta (digitale ferdigheiter) som (...) nemnde. Eg var veldig skeptisk til det tekniske, og var redd for at dei ville profittere på digitale ferdigheiter meir enn musikalske ferdigheiter, i ettertid ser eg at denne bekymringa ikkje har vore nødvendig. Nokre studentar syns det er synd at dei ikkje får graderte karakterar. Det var ikkje nokon videoar som var vanskelege å oppfatte kva som skjedde på. Med t.d. (...) opplever eg at han vert ein dårlegare utøvar på video, enn slik eg opplever han live.

På institusjon nummer A ein var det også delte erfaringar med kva type tilbakemelding ein ynskte. Nokre studentar ynskte å ha bestått/ ikkje bestått av di denne eksamen i større grad enn på ein fysisk eksamen viser kvalitetar som kan verta retta mot tekniske aspekt, kvalitet på video. Ein student ynskte karakter av di han ynskte toppkarakter og av di han meinte at karakterskala er meir presis. På institusjon nummer to ynskte nesten alle som vart spurt gradert karakter på andre og tredje året. Gradering vart også nytta av di det var eit stort fleirtal som ynskte dette. Dei opplevde det som lite motiverande og ikkje verta vurdert på ein gradert skala når dei legg ned så masse arbeid.

### **3.3 Organisering og fysiske rammer**

#### **3.3.1 Refleksjonar rundt endra fysiske rammer**

Ny organisering og endra fysiske rammer førte til ein del forvirring i dei første vekene i koronaepidemien. Det var uklart kva som var vegen framover og dette førte til at informasjon stadig måtte endrast. Ein lærar seier:

Det har vore mykje stress i samband med eksamensavviklinga, masse ansvar å vere emneansvarleg dette semesteret. Av og til har det vore kryssande interesser, studentane har hatt behov for informasjon og leiinga har ikkje alltid vore like klar til oss, når me skal svara studentar er det ikkje alltid me veit kva me skal svara. Det har utvikla seg frå å vere veldig strengt til å verta meir opent.

Fleire lærarar fortel at dei opplevde at leiinga ikkje heilt greidde å sette seg inn i utfordringane som følgde med det å arbeide utøvande i musikkfaget i pandemisituasjonen. Nokre lærarar var likevel positive til ein del av det som vart

resultat av restriksjonane, mellom anna moment knytt til undervising og tidsbruk på eksamen.

### **3.3.2 Tidsbruk knytt til undervising og eksamen**

Når fysisk undervising ikkje var mogleg eller svært avgrensa vart kommunikasjon via Zoom ein plattform som vart teken i bruk og nytta med ein gong av både lærarar og studentar. I forhold til tidsbruk så kan faktisk zoomundervising vere eit godt verktøy. Ein lærar opplever det slik:

Når det gjeld rettleiing opplevde eg at det vart ei gradvis tilvenning til å rettleie på Zoom. I byrjinga syns eg det var rart å ikkje ha papira og bøkene oppslått, men etter kvart vart dette ikkje eit sakn på same måten. Eg har fått lengre samtalar med studentar når me har vore på Zoom som studieprogramleiar. Her kan Zoom kanskje vere ei like god løysing som at ein har studentane fysisk på kontor.

I denne samanhengen er det også viktig å understreka at ein har høve til å gjere opptak av rettleiing og undervising og at ein ved å dele skjerm har høve til å vise dokument som ein har tilgjengeleg på maskina si. I forhold til undervisinga på enkelte emne så var omlegginga til Zoom eit gode og tidssparande, dette gjaldt mellom anna ved deling av musikalsk notasjon (Sibelius) der ein lettare enn før kan dele skjerm og gå i detaljnivå. Gjennom opptak kunne studentane også sjå opptaket fleire gonger, køyre i sakte tempo m.m.

Musisering i sanntid var opplevd som problematisk for fleire, når bilde og lyd ikkje er synkront vert det vanskelegare å kommunisere. Dette var også ein av grunnane til at streaming av livekonsertar vart uaktuelt som eksamensform. Det tekniske aspektet ville vore eit moment som lett kunne øydelagt for mange studentar.

Tidsbruk i samband med eksamen vart totalt sett eit pluss for dei involverte og ikkje minst for sensor som kunne ta rolla ifrå eigen heimstad. Kommunikasjonen via Zoom vart opplevd som bortimot problemfri for både emneansvarleg og sensor. Studentane fekk betre tid til samtale og sensor hadde høve til å fokusere på detaljar i konserten ved å vise til tidslinja på videoen som studentane hadde gjort, men også til å spele av utdrag som studenten kunne kommentere. Det sensor ikkje fekk med seg var studentane sin energi i møte med eit publikum og dette er sjølvsagt ein vesentleg mangel. Vanlegvis tek kvar fysiske konsert ein

time med opprigg og nedrigg før neste student er klar, dette i seg sjølv utgjer mange timar med mange involverte, mellom anna møter faglærar på konsertane til studentane sine, emneansvarleg og sensor er på alle konsertane – dette utgjer både ein resurs som gjer heile opplevinga sterkare men som også er økonomisk mykje dyrare for dei som er ansvarlege for eksamen.

Totalt sett kan ein seie at det er moment som gjer digitalisering meir fornuftig, men det vert ofte ikkje like magisk for dei som opplever det. Dette er nok eit synspunkt som går igjen over heile linja, både hjå lærarar og studentar ved begge institusjonane.

### **3.4 Sosiale og emosjonelle forhold**

Både studentar og lærarar ved dei to institusjonane er tydelege på at det har vore krevjande sosialt å vera stengt ute frå campus og berre ha digital undervising. Fleire av studentane har i periodar følt seg aleine og isolert. Dei saknar den sosiale samhandlinga med medstudentar og faglærarar fysisk på campus. Studentane har opplevd at møtepunkt i Zoom og digital kommunikasjon med lærarane til ei viss grad har kompensert for dette. Nokre studentar har hatt uformelle Zoom-møter i samband med bacheloroppgåva saman med lærarane i faget. Ein av studentane etterlyser ei liknande ordning for dei praktiske musikkfaga, der studentane kunne kome med spørsmål og snakke laust med lærarar og andre studentar. Ein student trekk fram at lærarane har vore tilgjengelege og respondert raskt på spørsmål frå studentane. En annan student samtykker i dette, samtidig som vedkomande reflekterer over at det er betre å møtast.

Det har vore veldig enkelt, men samtidig så går det litt kjappare når det er fysisk, for då kan ein ha heile samtalar, for når ein har samtalar på mail så går det gjerne litt tid mellom sjølv om ein svarar ganske kjapt. Det er alltid koselegare å sjå kvarandre i verkelegheita, ein får litt meir energi enn av å berre sende ein mail.

Fleire informantar tek opp saknet av dei uformelle fysiske møteplassane som ein mistar ved digital undervising. Ein av studentane peikar på verdien av å ha felles pausar.

Eg tenkjer på det at viss ein skal arbeide ein heil skuledag så er det veldig kjekt å spise lunsj saman. Det vart einsformig utan å sjå andre i løpet av dagen.

Ein lærar meiner at Zoom-møter ikkje vart ei fullgod erstatning når dei fysiske møtane forsvann. Ein annan lærar trekk fram at ein ikkje kjenner varmen frå eit anna menneske på same måte på nett som ved møte på campus, men han er open for at framtida kanskje inneheld ein kombinasjon mellom fysiske og digitale arenaer.

Studentane har ulike opplevingar av korleis det har vore å ta kontakt med medstudentar under pandemien.

Eg synes terskelen har vært høgare. Eg har vært mykje aleine i dette, men det har også kanskje vært greit. Det falt meg egentleg aldri inn å spørre folk. Eg visste at alle var så opptatt med sitt og eg såg dei aldri, men viss eg hadde sett dei i gangane så hadde eg nok sagt sånn: «S1, kva type opptak brukar du egentleg?». Det vart litt meir uformelt då.

Andre studentar har møttes på nett undervegs i prosessen.

Eg og ein annan student har brukt kvarandre til å, ja «kan du kome inn på det rommet i Zoom og sjå korleis det høyrer ut, om lyden er grei til for eksempel huskonsert?». Det ville me mest sannsynleg ikkje ha gjort til ein huskonsert på campus.

Ein av studentane løftar fram at sosiale aktivitetar som vanlegvis er del av undervisningssituasjonen forsvann i det timane vart flytta til nettet.

Eg og hovudinstrumentlærar har hatt nokre Zoom-timar. Det har fungert ganske bra. Me diskuterte det litt i går at det vart større fokus på det ein faktisk skal gjera. Den faktoren med preiking og jamming og sånn den forsvinn. Det har vært 45 minuttars økter og så er det berre gitar og speling og sånn og så ferdig.

Samtidig framhevar den same studenten at den faglege dialogen studentane imellom vart annleis etter at den fysiske samhandlinga vart avgrensa til nokre få økter.

Eg merkar det sjølv at i den vanlege bandøvingsprosessen får ein innspel frå medstudentar om kva dei synes er kult og idear du kan bruke. Det har det ikkje vært så mykje av no. No har det vært, «Ok, me berre gjer det sånn», og så spelar me. Det har vært litt sjølvsgatt, men den fellesskapsmåten med å spele i band, den har ikkje vært slik som den pleier. Det har eg sakna litt. Det krev at ein møtes fysisk. Det er vanskeleg å diskutere riff og groove over nettet.

### **3.4.1 Motivasjon**

Når det gjeld motivasjon uttrykkjer fleire av studentane at situasjonen har spelt inn på energinivået deira. Ein student opplyser at han har sakna å møte folk

fysisk, og at det har gått ut over motivasjonen. Ein annan student får meistringsglede og motivasjon til vidare jobbing og speling av å spele med andre, noko ein ikkje kunne gjera våren 2020 på same måte som før.

Ein av lærarane ved same institusjon har observert over tid at konsertførebuingane gjer noko med heile det sosiale miljøet.

Banda på tvers av årstrinna (...) dei har henta musikarar frå første og andre klasse og dei har spelt på kvarandre sine konsertar og det har fungert til eit mykje sterkare samhold trur eg, og dette trur eg er ein viktig dimensjon i forhold til dette med eksamen, og dette er ein ting dei hatt sett veldig pris på, - både det at dei kan ha spurt om hjelp, men også det å kunne spele på andre sin konsert. Førsteklassingane har syns det har vore veldig svært å få vere med å spele på bachelorkonsertar. Det er ein del sosiale faktorar som eg trur er veldig viktige, men vanskeleg å måle sjølvsagt (...).

Nokre av studentane fekk etter kvart lov til å møtast for å gjera videoopptak og ha nokre fysiske øvingar før eksamen og fann motivasjon i det. Andre nytta seg også av digitale møtepunkt. Ein av studentane seier.

Eg la spesielt merke til dei første vekene at berre det å gå ut ute – å ikkje vera inne, det hjelpte på stemninga. Det var litt einsamt dei første vekene, men eg vart vant til det, og så hadde me dei der Zoom-møta, og så gjekk det seg liksom litt til.

Ein annan student gir uttrykk for at situasjonen gjorde at ho kunne løyse ting på sin eigen måte, og at studenten ser på dette som noko positivt, trass i ein del utfordringar.

Eg kjenner at eg har fått mykje større fridom til å disponere kvardagen min sjølv. Eg har blitt mykje meir effektiv når eg har fri til å fylle kvardagen med ting eg har lyst til å gjera. Det gir meg meir motivasjon til å sitte ned og skrive etterpå. Det gir masse energi i kroppen.

### **3.4.2 Sjølvstende og ansvar**

Fleire av studentane ved institusjonane nemner at det har vore utfordrande å arbeide sjølvstendig under koronapandemien. Ein av studentane gjev uttrykk for at studentane bør vera gamle nok til å greie å disponere tida sjølv, samtidig som studenten vedgår at dagane har gått litt over i kvarandre som i ein døs i denne perioden. Ein annan student frå same institusjon formulerer det slik:

No har me jo nesten vore tvungne til å vere heime store deler av tida, så ein må legge opp studiedagen på eigen hand, og det har vore både positivt og negativt for min del i alle

fall. Det har vore både for mykje jobbing og for lite jobbing innimellom. Det har egentleg vore spennande å legge opp løpet sjølv, men ikkje alltid lett.

Ein av studentane snakkar om at det har vore vanskeleg å skilje skule og fritid når mesteparten av aktiviteten skal skje på studenthybelen. Studenten seier:

Det har liksom ikkje vært noko band på når ein har skule og når ein ikkje har det. Ein må berre jobbe litt av seg sjølv.

## 4. Digitale undervisnings- og eksamensformer i kunst og handverk

### 4.1 Undervisning

Nedstenginga førte til heildigital undervisning og at studentar og lærarar flytta studiestaden heim. I intervjuet vart det skildra korleis det faglege innhaldet vart endra frå aktivitetar som krev spesialverktøy og verkstad til mindre utstyrskreivjande arbeid som mellom anna teikning, Landart, spikking og enkle materialtrykk. Nokre jobba også meir med digitale plattformer og program i staden for teikning på papir og utstillingar i rom. Det kjem fram at det var særleg utfordrande å følgje opp læringsutbytte for materialområde tre, og at dette vart løyst gjennom andre alternativ som enkle spikkeoppgåver, grafikk, og arkitekturprosjekt med vekt på opplevingsdimensjonen. Ein lærar seier at:

(...) hos oss på årseining, skulle vi jobbe med treverkty, lære om handverkty. Dei gjorde dette om til ei trykkeoppgåve, av ulike treobjekt dei fann ute, meir ei grafikkoppgåve, og ei landart-oppgåve. Men eigentleg mista vi det viktigaste, å lære om handverkty. Det å vere i ein verkstad falt heilt bort. Ganske krevande å gjennomføre veiledning, Det vart mykje blad og lauvverk som vart trykt, litt avsaga stammer, oppgåva løyst på eit heilt anna plan.

Studentar fekk fritak frå å fullføre oppgåver som var starta i det skulane stengde, då dei mangla nødvendig utstyr. I desse tilfella valde nokre å prioritere strikking framom trearbeid. Det er uklart kor vidt denne omprioriteringa gjorde det mogleg å følgje opp læringsutbytteformuleringar i emneplanane. Dette vart ikkje omtalt eksplisitt.

Fleire studentar ved bachelor tredje år bytte materialområde når dei skulle gjennomføre bacheloroppgåva, eller avgrensa omfang innan valt materialområde. Fire av studentane på bachelorstudiet skildrar denne omlegginga slik:

For min del vart lock down (LD) med å lage retning for kva eg har valt å jobbe med. Valde det digitale på grunn av LD.

Litt same, eg gjekk ei ny retning fordi eg ikkje hadde nok materiale. Måtte droppe dei motiva eg starta med å jobbe med (svært detaljert). Kanskje det var litt bra.

Eg tok andre val.  
Eg klarer meg med det eg har no.  
Det treng ikkje vere så avansert.  
Eg vart tvungen til å velje noko utanfor komfortsona.

Eg var i villrede, eg ende med å berre gå for tre, før LD. Det vart ikkje heilt som eg hadde tenkt. Det er negativt for prosjektet mitt.

Eg måtte finne andre løysingar, byrja med plateteknikk. Ikkje fått dreia så mykje eg ønska, men lært meg nye teknikkar.

To studentar meiner dette førte til uventa, nye og kanskje positive vegval, medan dei to andre finn at dette har vore negativt.

Lærarar ved masterstudiet formidlar at performance-prosjektet held seg til måla i emneplanen, men at den digitale forma opna for alternative måtar å løyse oppgåver på.

På spørsmål om korleis oppgåvene burde vore forma dersom semesteret i utgangspunktet var planlagt som nettundervising, svarer tre av studentane på årsstudium:

Det hadde blitt mere typ spikking da. Men da hadde tatt fryktelig lang tid å lage et møbel (ler). Men også i trykking. Det fungerte delvis med plexitrykk, men jeg hadde absolutt ikke verktøy til å få trykt på best mulig måte.

Det måtte vært basert på at vi ikke skulle brukt sånt verktøy som planhøvel, grafikkpresse ... det er jo masse oppgaver vi ikke kunne hatt sjanse til. Det hadde blitt tegning og spikking og litt strikking.

Vi kunne ikke drevet med keramikk fordi vi trenger ovnen. Da måtte det blitt finleire eller noe.

Det er tydeleg at eit nettbasert studietilbod vart oppfatta som å avgrense materialtilfang og teknikkar, og at teikning, spikking og strikking får mest plass.

#### **4.1.1 Å møte ein ny og uventa undervisingsssituasjon med og utan fagleg grunnlag**

Tredje års bachelorstudentar, og særleg studentar ved masterstudiet, løyste undervisingsssituasjonen med større fagleg repertoar enn førsteårsstudentar, naturleg nok. Men også årsstudiet ved den eine utdanninga har ein lenger



periode med sjølvvalt FoU-prosjekt ved slutten av studieåret 2019/2020. Fleire av desse studentane løyste utfordringa ved tap av fysisk undervising med å endre eller vri på tema og materialval, og på masterstudiet, utnytte digitale plattformer på nye måtar. Fleire av studentane som arbeidde med bacheloroppgåva opplevde å bli “tvinga ut” av eiga komfortsone, og vurderer at dette kanskje har vore bra for deira faglege utvikling. Ein student seier at:

(...) eg gjekk ei ny retning fordi eg ikkje hadde nok materiale. Måtte droppe dei motiva eg starta med å jobbe med (svært detaljert). Kanskje det var litt bra. Eg tok andre val. Eg klarer meg med det eg har no. Det treng ikkje vere så avansert. Eg vart tvungen til å velje noko utanfor komfortsona.

Men der er også studentar ved bachelorstudiet som erfarte situasjonen som utfordrande. Denne delen av studentgruppa uttalar at dei i heimesituasjonen hadde avgrensa materialtilfang, og opplevde at dette påverka utprøvningsfasen negativt. Ein student seier at dette gjorde ho «(...) redd for å gjere feil».

Studentane på årsstudiet ser ikkje at nedstenginga førte til fagleg utvikling, og føler i ulik grad at dei vart hemma i det sjølvvalde prosjektet:

(...) De oppgavene der jeg mangler rett verktøy der har jeg ikke forsvunnet inn i arbeidet for du møter problemer hele veien: Mangel på utstyr, dårlig plass... Men sånne ting som FoU-en der du kan forme det du skal gjøre etter hva du har mulighet til å jobbe med, jeg har valgt søm og har allerede en systasjon på hybelen, der er det mye lettere å forsvinne inn i oppgaven og glemme klokka og alt sånt. Da er det plutselig gøy igjen for der har du alle mulighetene fordi du har lagt opp til det selv.

Til dette repliserer ein annan student:

Jeg opplever akkurat det motsatte med FoU-en da. Fordi jeg ikke har mulighet til veiledning har jeg måttet velge en annen oppgave som det skal være mulig for meg å gjøre selv. Så det ødela hele FoU-en som jeg hadde planlagt.

Studentane skildrar korleis kjensla av å “forsvinne inn” i arbeidet vart uroa av problem knytt til manglande utstyr og plass. Ein kan lese av dette at den utforskande prosessen vart erfart å ha mindre djupne. Verkstaden heime fungerte når alt av utstyr var tilgjengeleg slik studenten opplever når han arbeidde i eiga systove.

Førsteårsstudentar er opptekne av at nedstenginga tok dei ut av det faglege fellesskapet og den daglege kontakten med faglærarar, og at dette gjorde dei mindre i stand til å løyse faglege problem, halde på motivasjonen og bli inspirert av kvarandre og lærarane. Dei greidde ikkje å kompensere for dette tapet med digital kommunikasjon, men erfarte å verte flinkare til å nytte instruksjonsvideoar på f.eks. YouTube. Ein av studentane, seier at ho opplevde det som positivt at ho løyste ei oppgåve heilt utan hjelp og innspel frå medstudentar. På spørsmål om studentane erfarte å ha vorte meir sjølvstendige i denne prosessen, svarer ein student at (etter at dei fleste seier nei og ler):

Både og. For eksempel den modellbyggingen – det er jo kun jeg som har laget den. Alt er mine ideer. Hadde jeg vært på skolen hadde jeg tatt andres ideer også. Det er litt kjekt å se at jeg faktisk klarer å lage noe helt for meg selv og.

Studenten er nøgd med å meistre situasjonen sjølv, og oppfatta at det er positivt å ikkje “ta” andre sine idear.

Ved masterstudiet uttrykker også lærarane at nedstenginga kan føre til noko bra, eit unikt høve til problemløysing. Lærarane erfarte at eit performance-prosjekt formidla gjennom Zoom, der fleire fag er representerte, gav godt fagleg utbyte og henta fram nye problemstillingar som ikkje før hadde vore del av den fysiske undervisningssituasjonen. Ved masterstudiet laga dei også digitale, offentlege utstillingar på ei nettside som hadde høge besøkstal på nettet.

Lærarane omtalar undervisningssituasjonen på årseiningane med få positive adjektiv, og skildrar korleis fleire problem stod i veggen for å nå dei faglege måla. At ein må endre materialområde, nytte enklare og færre verkty, og at kommunikasjonen er avgrensa til det digitale er uttrykt som hemmande for læringsutbyte:

Hos oss fekk ikkje studentar lov å kome inn på campus, vi var ikkje ferdig med alle dei praktiske oppgåvene som var påbegynt – før dei skulle til med FOU-oppgåva, så slik som grafikk var ei veldig utfordrande oppgåve å flytte heim på kjøkkenet, der krever trykkpresse, papir osv, så den fekk dei berre gjort halvvegs, så det gjorde at ein del berre vart halvferdig, ikkje fullført.

Ein annan uttrykker at:

Det gjaldt sløyd hos oss også. Noen hadde fasiliteter hjemme slik at de kunne gjennomføre, andre hadde ikke det. Vi måtte se på det de hadde gjort så langt og vurdere det de hadde gjort...Så treoppgaven stoppa mer eller mindre opp når dette skjedde.

Det er skilnad mellom korleis studentgruppene på første år og dei som er komne lenger (3. 4. og 5. år) erfarte nedstenginga. Studentar som har fagleg repertoar ser potensialet i å løyse situasjonar, og erfarer at dei lærer frå dette.

Nedstenginga vart såleis eit høve til å utfordre faste praksisar. Studentar og lærarar på første år opplever å vere hemma av anna og mindre utstyr, og å miste det fysiske nærværet med kvarandre.

## **4.2 Organisering og fysiske rammer**

### **4.2.1 Heimesituasjon får følger for organisering, tidsbruk og studentmedverknad**

Når studentar og tilsette flytta arbeidsstaden sin heim i samband med pandemien medførte dette tap av felles verkstad. Med enkle hjelpemiddel arbeidde studentane med praktiske oppgåver i fysiske materialar. Det er skilnad på kva heimefasilitetar studentane har. For avgangskull ved bachelorstudiet vart det funne løysingar der studentar fekk låne eller leige mindre verkstadar i heimbygda. Den same moglegheita hadde ikkje førsteårsstudentar. Ein student peikar på at nedstenginga førte til at:

(...) det blir større forskjell på fattig og rik fordi ikke alle har tilgang på de samme tingene. Det blir det samme som om du må kjøpe alle bøkene eller om du får bøkene. Da har du plutselig visket ut et skille mellom hvem som har råd til å ta et studium eller ikke.

For å kompensere for noko av dette, delte lærarane ut små sett med reiskapar til blant anna grafikkundervising og spikkeoppgåver. Heimesituasjonen gav altså ulike faglege føresetnader for studentane i denne perioden.

Ved alle emne veksla studentarbeidet mellom individuell form og gruppeorganisering. Lærarar uttalar at organiserte gruppeprosjekt synt seg å gje god framdrift. Studentar stadfester at slike kontaktnett vart avgjerande for eige læringsutbyte. Sjølv om studentane såg verdien av slike fellesskap, har dei generelt utnytta dette i liten grad utanom det som er organisert av faglærarar. På

spørsmål til førsteårsstudentar, om dei sjølve har gjort noko for å forme det sosiale miljøet, oppretta grupper og kontakta kvarandre, svarer studentane slik:

Nei egentlig ikke.

Dei andre ristar på hovudet, og to andre student svarer vidare:

Men det er en ting vi kunne gjort vi som har kunst og håndverk. Vi kunne lagd en gruppe og møttes for eksempel en gang i uka. Det er opp til oss. Det er vår feil at vi ikke har gjort det da.

Ja det er utrolig hva du kan få til over nett. Selv hadde jeg foretrukket å gå på et studium der du kan samles og ha tett kontakt med både medelever og lærere, men det er store muligheter til å legge opp til deltidsstudium og (mener nok nettbasert) hvis det er for en annen målgruppe. (I den følgende dialogen kjem det fram at studenten her siktar til vidareutdanning for lærarar i jobb)

Omlegging til heildigital undervising vart ved dei fleste emna rigga og planlagt frå lærarhald. Studentar på første og tredje år er involverte når det gjaldt val av sosiale møtestader, og om Facebook, Canvas, Google eller Zoom er ønska. På masteremne får studentane medverknad når det gjeld å forme innhaldet i oppgåver. Her er dei vane med å møtes på nett, og læraren uttalar at dei alltid involverer studentane i dette frå starten av.

Dei fleste av lærarane uttalar at dei nytta meir tid på undervising dette semesteret, og at skilje mellom arbeid og fritid vart borte. Fleire opplevde å vere på jobb både på dag- og kveldstid. Nokre lærarar seier at arbeidstida var mindre effektiv i perioden med heimeskule, og at FOU arbeid særleg vart påverka negativt av dette.

#### **4.2.2 Digital kommunikasjon mellom involverte – formelt preg og avgrensa informasjon**

Ulike digitale plattformer vart nytta til kommunikasjon desse månadane, og Zoom og Canvas vart nemnt spesielt. Det er ingen som omtalar at det tekniske svikta eller ikkje fungerte, og at dette vart eit problem. Det er heller ikkje noko som tyder på at dei fagtilsette eller studentar opplevde det tekniske som utfordrande å bruke.

Både lærarar og studentar erfarte at rettleiing på nett fekk meir formelt preg, og gjer at studentane sin terskel for å ta kontakt var høgare enn til vanleg. Årseiningstudentar uttrykker det slik, på spørsmål om å søke rettleiing sjølv, og korleis dette påverka arbeidsprosessen:

Det var enklere å kunne spørre læreren der og da i stedet for å måtte sende mail til dem. Nå prøver jeg heller å finne løsninger selv enn å gidde å sende den mailen.

Og ein annan:

Jeg føler at hvis jeg skal sende mail må det være en større ting enn bare en liten pirketing liksom. Det er sånne pirketing du spør læreren om i farten når du er på skolen.

Fleire lærarar fortel at dei tok initiativ ved avtale om rettleiingstid, då studentane vart tause etter mars. Studentar syntes å få mindre hjelp frå lærarane i samband med heimeundervising.

Lærarane formidlar at den digitale kommunikasjonen var utfordrande fordi informasjon om dimensjonar, taktilitet, kraft og trykk var utydeleg. Ein lærar formulerer at:

Eg opplevde at dei bileta dei sende over – det vart vanskeleg å sjå størrelse og tjukkelse, vanskeleg å veilede. Det var dårleg lyssett og mangla vesentleg informasjon. Det vart ein begrensa veiledningssituasjon.

Modaliteten “skjerm”, anten som direkte streaming, film eller foto, vart oppfatta å avgrense informasjonen, og gjorde det meir vanskeleg å gje rettleiing om det studentane har arbeidd med.

Studentane sakna kommunikasjon med medstudentar, og erfarte at prosessane fekk mindre framdrift utan respons frå studentfellesskapet. Nokre av studentane budde i lag, og framheva dette som ei viktig støtte. Studentar som anten var godt kjende før pandemien eller jobba saman i organiserte grupper, møttes meir uformelt på nettet enn andre. Lærarar uttalar at desse studentane takla det faglege arbeidet betre, og uttrykkjer meir motivasjon og glede.

## 4.3 Eksamen

### 4.3.1 Heildigital eksamen og endra vilkår omkring vurderingssituasjonen

Alle emne hadde heildigital eksamen, og dette vart løyst på ulike måtar. Masterstudiet hadde digital utstilling på eigen nettstad, og elles leverte studentane digitale presentasjonar, små filmsnuttar, rapportar og skriftlege oppgåver.

Nokre emne endra karaktersystem frå gradert skala til bestått/stryk. Lærarane på desse emna grunngav dette med at det var vanskeleg å skilje det praktiske arbeidet til studentane på ulike nivå når dei ikkje kunne ta på, og sjå fysisk, gjenstandar og utprøvingar. Denne vurderinga vart delt av studentane:

Du får ikkje vist fram om skuffen glir godt eller noen ting sånn – om ting funker sånn som du har tenkt. Jeg er litt fortvila. Det er veldig demotiverende rett og slett veldig demotiverende og sitte sånn på egenhånd og ikke få veiledning og hvis du skal få veiledning skal du få det på zoom og – du får ikke vist hvordan ting faktisk ser ut i virkeligheten. Det gjør veldig mye med motivasjonen min i hvert fall og jeg er ganske på... De som er lite motiverte i utgangspunktet de tror jeg sliter enda mer.

Studenten opplever at den digitale kommunikasjonsforma ikkje yter rettferd til det arbeidet som er gjort, og at dette påverka motivasjonen.

Nokre studentar hadde planlagt arbeidet slik det høver til fotoformatet og digital eksamensform. Ein student fortel at ho gjekk bort frå å strikke i svart, slik planen var, fordi ho var redd for at kvaliteten ikkje vil komme godt nok fram på bilete.

Lærarane formidlar at studentar som frå før var dyktige på det digitale, og som i pandemien arbeider mykje med den digitale presentasjonen, kanskje fekk høgare karakter enn til vanleg. Dei uttalar også at studentar som frå før hadde mykje ferdigheiter på det handverksfaglege, moglegvis fekk mindre utteljing i denne eksamenssituasjonen:

Det er mogleg at karakterresultatet hadde sett annleis ut ved fysisk innlevering. Dei som jobba med vekt på det handverksfaglege var dei som tapte mest, medan dei som frå før var dyktige på det digitale, og jobba mykje med digitale presentasjonar kom kanskje betre ut enn til vanleg.

Ein annan lærar følger opp med å seie at dei mest truleg var noko rausare i karaktersettinga ved eksamen. Studentane uttrykker også bekymring for at ferdigheiter i digitale presentasjonsformer ville skugge over ferdigheiter i det oppgåvene eigentleg handlar om.

Studentar ved bachelorstudiet uttrykkjer at vurderingssituasjonen betyr «å bli ferdig», at dei jobbar mest for «sin eigen del», og det å «kome i mål» med eksamen. Ein student uttalar at:

Ein bør vere betre på digitale hjelpemiddel, klippe, lime og presentere digitalt vart viktigast. Sensor kan ikkje ta og føle på det du leverer. Man tenker at det ikkje lenger er nødvendig å gjere ferdig ting. Ein kan i prinsippet ta bilder frå den beste vinkelen.

Ein annan bachelorstudent forklarar at han utan å få levere arbeidsbok (uformelle prosess-skisser og notatar) ikkje kunne vise vegen fram, og at det handla om å lage gjenstanden slik han veit sensor ynskjer det, «(...) sensor vil ha meir strøkent og fint». Å slutføre eit produkt vart framheva som prioritet i denne situasjonen, og alle studentane uttrykkjer at dei endra fokus ved at digital sluttpresentasjon fekk stor plass.

Studentar som arbeidde todimensjonalt eller digitalt opplevde eksamenssituasjonen mindre problematisk, men også desse studentane omtalar at produktfokuset aukar, og at å «bli ferdig» var målet.

Fleire studentar uttrykker at dei var meir opptekne av å prestere til eksamen enn før, men utan at dette betyr større fagleg utvikling. Alle studentane i årsstudie-gruppa gav zoom-tommel opp på denne formuleringa:

Ja egentlig blir vi presentert med oppgaver vi ikke kan, og det er det vi skal lære da. Og når vi da mister veiledning eller mister muligheten til å lære det vi skal, så blir det bare eksamensprestasjon som kommer inn da: Dette må jeg gjøre ferdig for å få en karakter.

Den digitale presentasjonen, innpakkinga, får større betydning, og studentar vart meir målfokuserte. Det kan synast som om studentar erfarte å miste deler av utprøvningsfasen og at den faglege motivasjonen minka.

## **4.4 Sosiale og emosjonelle forhold**

### **4.4.1 Sosial støtte og motivasjon**

Fagtilsette uttrykker at dei var sosial støtte for studentane desse månadane, meir enn til vanleg. Mot slutten av semesteret kjem det fram at nokre av studentane vurderte å slutte fordi dei opplevde at situasjonen var krevjande. Ein av lærarane seier at:

Eg følte nærast at eg leidde dei fram og dette med motivasjon var veldig tungt for mange. Vi hadde ei veldig viktig rolle vi som rettleiarar å få dei fram til eksamen, få dei gjennom. Klart mykje meir arbeid.

I tillegg erfarte fleire at det var skilnad på studentar som bur i kollektiv og dei som budde åleine. Ein lærar uttalar at studentar som budde åleine delte mindre (på felles Facebook-side) og tok mindre del i det digitale fellesskapet:

Vi hadde ei felles FB side, såg at dei som var åleine delte mindre enn dei som hadde eit nettverk rundt seg. Dei som hadde det sosiale fungerte betre også fagleg. Ikkje overraskande.

Felles Facebook side vart oppfatta å formidle kven som var mest aktive med å dele bilete og innlegg frå arbeidsprosessane. Det vart også hevda at dei med sosialt nettverk delte meir på denne nettstaden.

Heimesituasjonen påverka studentane sin motivasjon, og dette kom fram på fleire måtar. Som før nemnd opplevde studentar å ikkje “forsvinne inn” i arbeidet, at det var lite motiverande å ikkje få levere fysiske produkt og skisser til eksamen. Samstundes opplevde studentar med fagleg repertoar at dei lukkast med å arbeide sjølvstendig, og at det var positivt utfordrande å løyse nye komplekse situasjonar.

### **4.4.2 Tap av sosial, uformell møteplass**

Vidare reflekterer dei fagtilsette over korleis møte i den fysiske verkstaden til vanleg kan vere ein sosial og fagleg arena der studentar som har mindre privat sosial omgang opplevde at verkstaden var ufarleg, uformell og kravde lite. Det sosiale er “gratis” i dette rommet.



Dei fleste av studentane seier at dei sakna det sosiale fellesskapet, og det å få impulsar frå andre. Men ein av studentane skil seg ut, og opplever at det sosiale på skulen til vanleg er så engasjerande at han mister noko av konsentrasjonen om det faglege. Under pandemien stod han åleine på ein snekkarverkstad, og der kunne han “berre” jobbe.

Som tidlegare omtala uttalar studentar at dei har ein annan terskel for å ta kontakt på nett, og at ein då må ha ein grunn, noko fagleg ein skal spørje om:

Vi har fortsett onsdagsmøta (på Zoom) ei stund etter at du (lærer) er borte. I dette emne er det ikkje «noko» vi samarbeider om. Blir anna terskel å ta kontakt, også med klassen. Føler ein må ha noko å spørje om. Når ein legg ut på FB så handlar det om faglege ting. Om ein har andre problem så (...)

Dette gjeld både kontakt med lærarar og medstudentar, og vart stadfesta frå lærarhald - at fleire studentar let vere å ta kontakt. Det kjem også vagt fram at dersom ein hadde andre problem enn det faglege så var det ikkje like enkelt å kontakte nokon.

## **5. Avsluttande kommentarar**

### **5.1 Undervising – innhald og organisering**

Ulike nettbaserte løysingar vart tekne i bruk som erstatning for fysisk samvær på campus. Det er særleg læringsplattforma Canvas og møte gjennom Zoom som får mykje omtale i intervjua. I kunst- og handverksundervisinga tilpassa ein oppgåvene slik at dei kunne løysast utan verkstadsfasilitetar, og med flytting av førelesingar og rettleiing til Zoom. For årsstudiestudentar og studentar på siste året i bachelor var ein stor del av det attståande arbeidet knytt til sjølvvalde fordjupingsoppgåver, og mange valde å endre prosjektet for å få det til å passe til ein ny arbeidssituasjon. Generelt følte studentane stor grad av frustrasjon over tapet av det faglege fellesskapet og verkstadsfasilitetar. Ettersom arbeid med ein del materiale og verkty krev spesialiserte verkstadar vart undervisinga altså endra, ikkje berre med omsyn til form, men også til innhald. I musikk var mykje av den fysiske undervisinga ferdig då høgskulen stengde. Her vart undervisinga si form endra, og i mindre grad innhald.

Det tverrfaglige performance-prosjektet i masterutdanninga skil seg positivt ut frå resten av studia som er med i undersøkinga. Prosjektet var planlagt utan bestemte verktøy eller verkstadsfasilitetar. Oppgåva inviterte til opne løysingar, og studentane skapte performance på ein slik måte at Zoom vart gjenstand for utforsking i den kreative prosessen.

#### **5.1.1 Avgrensa tilgang til fysisk utstyr**

Tilgang til utstyr og rom var ei utfordring både ved musikkstudiet og kunst og handverk . Lærarar hjalp med å låne eller leige verkstadlokale til bachelorstudentar, og nokre musikkstudentar lånte alternative øvingslokale. Dei fleste studentane måtte likevel greie seg med tilgjengelege rom heime. Lærarane på kunst og handverk delte ut verktøysett til studentane, og på musikk fekk nokre låne instrument frå høgskulen. Det var særleg studentar ved kunst og handverk som uttrykte frustrasjon knytt til avgrensa materialtilfang og manglande utstyr. Dei erfarte at dette påverka omfang og kvalitet ved den skapande prosessen. Det kjem også fram at studentane hadde svært ulike heimefasilitetar, og at

situasjonen skapte ulike faglege føresetnader. Ved masterstudiet vart derimot situasjonen erfart motsett. Lærarar der omtalar den heildigitale undervisningssituasjonen som ei positiv utfordring, og såg ikkje fysisk utstyr som eit problem. Digital samhandling gav nye tverrfaglege uttrykksformer mellom anna gjennom ein performance.

### **5.1.2 Digitaltekniske forhold**

Det var særleg samspelssituasjonar i musikk som var digitalteknisk utfordrande, og påverka undervisinga på ein negativ måte. Lyd og bilete er asynkrone gjennom dei digitale plattformene som vart nytta, og studentar og lærarar uttrykte stor frustrasjon over problem med å samhandle fagleg på Zoom. Ved kunst og handverk erfarte lærarar og studentar få tekniske problem.

### **5.1.3 Nye arbeidsmåtar**

Studentar og lærarar på musikk oppdaga at Zoom og opptak på video gav nye arbeidsmåtar i faget. Ved skjermdeling av musikalsk notasjon (Sibelius) kunne studentar og lærar saman studere og diskutere på detaljnivå. Det vart også omtalt som positivt at videoopptak gjev høve til repetisjon og avspeling i nedsett tempo, og at ein gjennom zooming på detaljar får eit betre overblikk. Det å sjå seg sjølv spele på video vart ein ny kommunikativ ressurs for musikkstudentane, og ein av dei uttala at han slik oppdaga småfeil han elles ikkje ville sett. Ved kunst og handverk erfarte dei fleste studentane at dei nytta meir tid på å utvikle digitale presentasjonar enn normalt, og dei jobba noko mindre med det manuelle handverket, som følge av dette.

Det uformelle samarbeidet i grupper vart nesten borte både på musikk og kunst og handverk. Studentar som delte bukollektiv heldt fram med uformelle møter, medan studentar elles svara at dei i liten grad kontakta medstudentar i perioden. Kunst og handverk-studentar uttrykte at dei sakna fagleg respons frå medstudentar, og at dei hadde godt utbytte av gruppearbeid som lærarane organiserte.

### **5.1.4 Rettleiingssituasjonen**

I ein normalsituasjon kan musikalsk rettleiing skje ved at ein spelar, og gjerne stoppar opp undervegs og diskuterer eit musikalsk forhold i samband med situasjonen. Denne uformelle, direkte, måten å kommunisere på vart umogleg gjennom Zoom, og samhandlinga fekk eit meir formelt og distansert preg. I tillegg føreset rettleiing i musikk at studenten klarer å sjå fingersetning og rørsler klart og tydeleg, og at lyden ikkje er forseinka eller ute av synk med rørsler. Dette vart utfordrande på Zoom.

Også i kunst og handverk fekk rettleiing på nett eit meir formelt preg. Her var den digitale kommunikasjonen vanskeleg fordi informasjon om dimensjonar, taktilitet, kraft og trykk er utydeleg gjennom skjerm.

Sjølv om begge faga kommuniserte klare krav til kvalitet på lyd og bilete i rettleiingssituasjonen, synest det som musikk problematiserte meir den digitale plattformen enn kunst og handverk fordi synkron kommunikasjon vart vanskeleg. I kunst og handverk nytta ein tid til å sende over bilete i høg oppløysing, gjerne før rettleiing, ein delte skjerm, zoomar inn, og laga instruksjonsvideoar. Instruksjonsvideo har dessutan vore ein viktig del av undervisinga i faget lenge før koronanedstenginga. Lærarar og studentar i kunst og handverk er difor truleg meir opptekne av endring av faglig innhald og undervisingsform enn av kvaliteten på lyd og bilete i Zoom, då utfordringar og moglegheiter ved nettundervising er ei kjend sak.

Rettleiing om teoretiske oppgåver, eller samtalar med studentar om studiesituasjonen generelt fungerte fint både ved musikk og kunst og handverk. Ved desse samtalan vart dessutan tidsbruken redusert i høve til fysiske kontormøter.

## **5.2 Eksamen**

Å plutsleg få høyre at ein skal ha ein digital eksamen, med nye rammer, var ei stor utfordring både for tilsette og studentar, men også mellom leiing og fagmiljø, som heile tida måtte oppdatere studentane om kva som var lov og ikkje lov. Spesielt i praktisk-estetiske fag er dette ei utfordring gjennom at desse faga krev

større grad av fysisk nærvær enn teoretiske fag. Frå å vere veldig strengt i starten av koronaperioden opna sjølve eksamensforma seg gjennom at ein fekk tilgang til både materiale og lokale, og dette var spesielt merkbart ved musikk.

### **5.2.1 Vise i sann tid versus video/ digital presentasjon**

Ein viktig del av musikkstudiet er høve til å opptre på konsert, og ikkje minst er dette sentralt ved eksamen. Studentane uttrykkjer at å ha konsert i samband med eksamen betyr mykje for dei. Videoinnlevering vart for mange opplevd som ein nedtur, ettersom ein ikkje fekk vist seg i sampel med andre, og den direkte publikumsresponsen var fråverande. Fleire studentar på bachelorutdanninga i musikk gjekk mellom anna over til ei rein teoretisk oppgåve når dei ikkje fekk vist seg frå si beste side gjennom konsert.

På kunst og handverk var fråvær av materialitet, det å kunne kjenne på objektet (taktilitet) og oppleve forma (dimensjonane) tredimensjonalt avgrensingar ved digital presentasjon (mappe) i forhold til å vise i sann tid.

### **5.2.2 Fråvær av praksisfellesskap**

På kunst og handverk er utprøvingsfasen og den spontane tilbakemeldinga frå lærarar og studentar viktig. Når denne fasen vart borte opplevde fleire at produktorienteringa aukar. Liknande erfaringar opplevde musikkstudentane, prosessen med å prøve og feile gjennom øving fall bort og rommet for spontane innfall basert på det som skjedde i situasjonen var ikkje til stades.

### **5.2.3 Endra karakterskala**

Nokre emne endra karakterskala frå gradert til godkjent/ikkje godkjent. Grunngevinga for å gå bort frå gradert karakterar var ein potensiell fare for at forhold utanfor emneplanar (nettverk, ferdigheiter i biletbehandling og designprogram, videoredigeringsferdigheiter m.m.) skulle få stor betydning for eksamensproduktet, og kunne slå uheldig ut. I ettertid ser det ut som at dette har vore mest gjeldande på kunst og handverk. I musikk var det nesten berre enkle (enkeltkamera) produksjonar der vinkel og redigering ikkje påverka resultatet på same måte som i kunst og handverk.

Spesielt for studentar med høge ambisjonar vart avgjerda om å gå for godkjend/ikkje godkjend karakter lite motiverande. Dei var også bekymra for om karaktersnittet ville verte påverka av denne endringa. Når dei fekk avkrefta at dette ville slå ut på snittet, vart dei fleste mest opptatt av å verte ferdig med eit tilfredsstillande og godkjend produkt.

### **5.3 Sosiale og emosjonelle forhold**

Eit stort fleirtal av studentane opplyser at dei i pandemien har sakna å få impulsar frå andre. Fleire nemner at dei i periodar har følt seg aleine og isolert. Dette er felles for studentar frå musikk og kunst og handverk. Lærarar frå kunst og handverk trekk fram at dei merka dette ved at dei i større grad enn tidlegare opplevde seg sjølv som sosiale støtter for studentane. Dei same lærarane legg vekt på at studentar som budde i kollektiv eller har familie såg ut til å takle den nye situasjonen betre enn studentar som budde aleine, då dei hadde folk rundt seg som bidrog til å lage rammer i tilværet. I materialet frå musikk finn ein ikkje slike skilnadar, men fleire av musikkstudentane framhevar at det har vore krevjande å strukturere arbeidsdagen når ein er isolert på eigen hybel, og at dette har gått ut over motivasjonen.

I materialet finst eit par unntak frå inntrykket som er presentert ovanfor. Ein student frå kvart fag trekk fram at dei har fått energi av å vera overlaten til seg sjølv i større grad enn vanleg. Ein av desse studentane seier at hen har blitt meir effektiv og den andre studenten set pris på å arbeide aleine i verkstaden utan å bli forstyrra av innspel frå andre.

#### **5.3.1 Terskel for å ta kontakt**

Lærarar frå kunst og handverk opplyser at fleire studentar let vera å ta kontakt som følge av omlegginga til digital undervising. Fleire av musikkstudentane rosar lærarane for å vera tilgjengelege, men studentane løftar fram perspektiv som kan bygge opp under utsegnene frå lærarar i kunst og handverk i den forstand at dei føretrekk å kommunisere ved fysiske møter. Når ein ikkje møtes på campus mister ein i følge studentane dei uformelle møtestadane der både faglege og sosiale spørsmål blir løfta fram som ein naturleg del av situasjonen.

### **5.3.2 Fysisk undervising og øvingsarenaer som sosiale møtestader**

Fleire studentar og lærarar legg vekt på at fysisk undervising og møtepunkt fell bort som sosiale arenaer når aktivitetar vart flytta over på nettet. Ein av musikkstudentane nemner at digital hovudinstrumentundervising har eit større fagleg fokus enn fysisk undervising. I sistnemnde situasjonar har kvardagsleg prat og uformell musisering ein større naturleg plass enn om undervisinga skjer på nett. Lærarar frå kunst og handverk trekker fram verkstaden som ein møteplass der fagleg samhandling går føre seg i ei trygg sosial ramme. Verkstadfelleskapet vert uttrykt som eit sagn under pandemien.

I materialet frå musikk løftar ein fram felles øvingssituasjonar på fritida som ein viktig sosial arena i studentmiljøet på tvers av klassetrinn. Desse møtestadane er det ikkje mogleg å erstatte med nettaktivitetar, sjølv om nokre studentar peikar på at uformelle møtepunkt i Zoom har vore verdifulle, men langt frå fullgode erstatningar.

## Litteratur

Kvale, S., Brinkmann, S., Anderssen, T. M., & Rygge, J. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju* (3. utg., p. 381). Oslo. Gyldendal akademisk.

Tjora, A. H. (2021). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis* (4. utgave.). Oslo. Gyldendal akademisk.